



Fornøgd tur på heimveg på Leirvik. Dirigent Anders Christensen og turansvarleg Randi G. Zimmer fører an. (Foto: Thor Inge Døssland)

Fredag kveld var skulemusikken på avslutningstur for sesongen. Turmålet denne gangen var ikkje fjernare enn Heiane på Stord. Bakgrunnen for det er at neste sesong er jubileumssesong, og då vert det lagt opp til utanlandstur. Sjølv om turen var kort, var den hundre prosent vellukka. Samtlege var storfornøgde med kvelden.

Kva var det så som gjorde ein såpass enkel tur så vellukka? Vi trur det er den gode mixen: ein aktivitet som tiltalar alle, nemleg bowling, mat som dei er glad i, pizza frå Peppes, og aller viktigast er dei sjølve, ein gjeng med utruleg positive og kjekke barn og ungdommar med mykje godt humør. Dessutan hadde det sin sjarm å reisa med det offentlege rutetilbodet, og det gjekk godt an med god planlegging.

Bowling er ein aktivitet som alle likar. Det har vist seg også tidlegare i korpssamanheng. Denne fredagen var det stor entusiasme og mykje jubel etter kvart som bowlingkulene fekk ned kjeglene. Både hos dirigenten, blant musikantane, ja, faktisk og i mødregruppa vart det avdekka talent. Her var det tett mellom både strike og spare.

- Tusen takk for ein kjempekoseleg kveld, var orda frå ei av dei eldste jentene i korpset ved turslutt. Dei vaksne som var med, sender med glede denne meldinga tilbake til musikantane. Det er alltid kjekt å vera på tur med desse ungdommane.

Styret vil og takka muskarane for ein kjempeflott sesong. Dei har spreidd mange gode musikalske opplevingar

og mykje glede, og dei har hatt ei flott utvikling gjennom sesongen. Det er alt gjort nokre avtalar for neste sesong, og den teiknar til å verta så sprek og spennande som ein jubileumssesong bør vera. Då fyller nemleg korpset 40 år.

Av Thor Inge Døssland



Bowling er alltid populært og Marit Inga Sture fekk høgast poengsum av den yngre garde. (Foto: Thor Inge Døssland)